

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva er hovudregelen innan substantivbøyning for hokjønn?

Svar

Hokjønnsord skal ha endingane -a, -er og -ene. Unntak er ord på -ing, som har -a, -ar og -ane.



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva er hovudregelen innan substantivbøyning for hankjønn?

Svar

Hankjønnsord skal ha endingane -en, -ar og -ane. Unntak er enkelte ord som får omlyd og endinga -er og -ene i fleirtal (*bonde, son, fot* osv.).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva er hovudregelen innan substantivbøyning for inkjekjønn?

Svar

Inkjekjønn skal ha -et, -, -a, altså inga ending i ubestemt form fleirtal.



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Forklar kva e-verb er.

Svar

E-verb er svake verb som har -er i presens (*kjøper*). Desse verba har -de/-te i preteritum.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Forklar kva a-verb er.

Svar

A-verb er svake verb som har -ar i presens (*dansar*). Desse verba har -a i preteritum.



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva fortel FLSKPTRN deg?

Svar

Verb der stammen sluttar på ein av desse konsonantane, skal ha -te i preteritum (*kjøpte*).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva er dei største forskjellane mellom bokmål og nynorsk når det gjeld pronomen?

Svar

Den største forskjellen finn vi i 2. og 3. person fleirtal: *dykk/dokker* og *dei*. Innan eigedomsorda er det ein forskjell i hokjønn òg (*hennar*).



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva heiter *hvilken/hvilket* på nynorsk?

Svar

kva for ein / kva for eit

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Korleis gradbøyer vi adjektiv på nynorsk?

Svar

Fin – finare – finast. Endinga er altså -are, -ast, mot bokmål -ere, -est. Som i bokmål skal ein del adjektiv gradbøyast med *meir* – *mest*: **meir interessant** – **mest interessant**.



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Forklar forskjellen mellom bokmål og nynorsk når det gjeld j-verb.

Svar

J-verb har, som namnet fortel, ein j i infinitiven (**fortelje**). Denne j-en manglar i bokmål. Desse verba har inga ending i presens (ho **fortel**), og dei har omlyd i fortidsformene (ho **fortalte**, ho har **fortalt**).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Korleis bøyer du verbet å **finnast**?

Svar

Å **finnast** – **finst** – **fanst** – **har funnest**



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Korleis bøyer du verbet å **synast**?

Svar

Å **synast** – **synest** – **syntest** – **har synst**

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva er fleirtalsforma av substantivet **røyrleggar**?

Svar

Røyrleggarar – røyrleggarane



Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Kva betyr det at du skal bruke dobbel bestemming på nynorsk?

Svar

Det betyr at du skal bruke den bestemte artikkelen *den/det* i tillegg til å bøye sjølve ordet: **det viktigaste argumentet, den utløysande faktoren**.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 2 Nynorsktips

Spørsmål

Forklar minst to måtar du kan unngå å bruke s-genitiv på nynorsk.

Svar

- Du kan bruke ein preposisjon: *folket i bygda* (i staden for *bygdas folk*).
- Du kan bruke ordet sin: *jenta sine klede*.
- Du kan lage eit samansett ord: **klubblokala** (i staden for *klubbens lokale*).
- Du kan bruke ei leddsetning: *arbeidet som idrettslaget utfører* (i staden for *idrettslagets arbeid*).



The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.